

FORSLAG TIL RETNINGSLINJER FOR FORVALTING AV AREAL KARTLAGT SOM KYSTLYNGHEI

Innhald

Bakgrunn.....	1
Korfor er kystlynghei viktig?	1
Særskilte tilhøve knytt til driftsforma.....	2
Andre viktige moment å ta med seg for dei som skal forvalte desse områda.....	3
KORLEIS PRIORITERE?.....	5
ULIKE VEDLEGG	7
Skjøtselsråd for brenning og beiting av kystlynghei.....	7
Planråd	9
Her finn de meir informasjon om kystlynghei	10

Bakgrunn

I 2015 blei naturtypen Kystlynghei *utvald naturtype* gjennom forskrift heimla i naturmangfaldlova (§ 52), og dette gjev områda eit særskild skydd. I enkelte kystkommunar er det svært mykje kystlynghei, og i praksis vil det vere umogleg (og kanskje heller ikkje ønskjeleg) å prioritere alle desse areala like høgt i ulike samanhengar (plan, utbygging mm). For å unngå ein situasjon med bit-for-bit-utbygging og "når alt er like viktig så blir alt uviktig" har vi utarbeidd nokre retningslinjer å arbeide etter, for dei som arbeider med arealplanlegging og landbruk i kommunar og i statlege og regionale myndigheter.

Vi presiserer at sjølv om kommunen gjer sine prioriteringar, så gjeld framleis regelverket for Utvalde naturtypar for alle område som er registrert som kystlynghei. Mellom anne vil dette si at det er meldeplikt for som jordbruk- og skogbrukstiltak som rører ved førekommstar av utvalde naturtypar (Naturmangfaldlova §§ 54 og 55)

Det aller beste vil vere om kommunane gjer desse prioriteringane på eit overordna nivå, f.eks. i samband med ein kommunedelplan for naturmangfald, i staden for at dette blir gjort frå sak til sak.

Korfor er kystlynghei viktig?

Kystlynghei er ein seminaturleg, open og heiprega naturtype i eit oseanisk klima, dominert av dvergbusker med røsslyng som ein viktig art, forma gjennom rydding av kratt og skog, og betinga av langvarig hevd med beite, lyngsviing/brenning, lyngslått eller en kombinasjon av desse.

Kystlynghei er ein sterkt trua naturtype i Noreg, og i 2015 blei naturtypen *utvald naturtype* gjennom forskrift heimla i naturmangfaldlova (§ 52), (Handlingsplan for kystlynghei

2023). Eit faggrunnlag med handlingsplan for kystlynghei ble utarbeidd i 2013, og det blei utarbeidd ein ny handlingsplan i 2023. Lenke: [Handlingsplan for kystlynghei - miljodirektoratet.no.](https://miljodirektoratet.no/)

Dei viktigaste trusselfaktorane for kystlyngheia er attgroing på grunn av opphørt hevd, tilplanting og spreiing av skog, nedbygging, oppdyrking og gjødsling (Handlingsplan kystlynghei).

Statusen som "Utvald naturtype" gjev naturtypen eit heilt spesielt skydd. Når naturtypen har fått denne statusen så er det fordi dette er ein trua naturtype, ein naturtype som er i ferd med å forsvinne. Dette kan virke som eit paradoks i område der nesten alle areal blir kartlagt som kystlynghei. Når naturtypen likevel blir vurdert som trua er dette fordi det i dag er svært lite kystlynghei som er halde i hevd med tradisjonell drift (beiting og brenning) og verdiane i kystlyngheia er avhengig av denne driftsforma. I mange område langs kysten er det dermed i dag mykje kystlynghei, men berre ein liten del av desse områda har ei driftsform som vil ta vare på verdiane i llynghelia over tid.

Kongen i statsråd har altså bestemt at dette er ein svært viktig naturtype, og at det er viktig å ta vare på dei viktigaste områda med kystlynghei. Dette er natur som har vore svært viktig langs kysten vår over svært lang tid (nokre stader i meir enn 6000 år!), og mange artar har hatt tid til å tilpasse seg kystlyngheia, og har denne som sitt leveområde. Kystlynghei er derfor viktig leveområde for eit stort artsmangfald og for ei rekke trua arter i Norge, mellom anna fugl, karplantar, lav, mosar, sopp, biller, edderkoppdyr, sommarfuglar og tovingar. Nokre av desse er artar knytt til brann. Gjennom å bevare eit nettverk av slike areal i nødvendig omfang og god tilstand bidrar vi til å ta vare på dette artsmangfaldet (Handlingsplan for kystlynghei 2023).

Det å ta vare på kystlyngheiene bidrar også til å ta vare på leveområda til den sterkt trua arten hubro. Hubro har ein eigen handlingsplan som bl.a. viser til at det er viktig å redusere attgroing av kystlynghei og andre opne areal i tilknyting til hubroen sine hekkeområde (Handlingsplan for kystlynghei 2023).

For meir utdjupande informasjon om kystlynghei, verdiane i kystlyngheia og skjøtsel av naturtypen, sjå lenker nedst i notatet.

Særskilte tilhøve knytt til driftsforma

Sidan naturtypen treng skjøtsel, heilårsbeiting og jamleg brenning (sjå skjøtselsråd nedst for meir utfyllande informasjon om driftsforma), bør område der slik skjøtsel kan gjennomførast prioritert.

Beiting:

- For at det skal kunne gå beitedyr i eit område trengs det som regel gjerder. Det kan vere dyrt så sette opp gjerde om det blir for lange strekningar som skal gjerdast av. I enkelte område finns det alt gjerde, og nokre område er mindre kostnads/arbeidskrevjande å gjerde av enn andre. Til dømes vil øyer ofte ikkje trenge gjerde i det heile tatt. På halvøyar kan det vere lite trond for gjerde, og i nokre område kan ein bruke terrenget (vatn, berghyller mm) på ein slik at det trengs mindre gjerde.
- Ein kan også sjå for seg at beitedyr kan komme i konflikt med område der det er mykje bebyggelse (hagar mm), ferdsle (folk som gløymer å lukke grinder mm), og anna.

- Etablerte vegar/etablering av nye i eit område vil og kunne vere ueheldig då dette kan auke ferdsla inn i området, det kan også auke behovet for gjerder, ferister mm.

Brenning:

- Det kan vere krevjande å brenne i område der det alt finst mykje bebyggelse og infrastruktur, kraftlinjer, industriverksemd, oljeraffineri mm.
- Også i område der det er mykje ferdslle kan det bli konflikt.
- Det kan vere vanskeleg å gjennomføre brenning i område som grenser opp mot planteskog.

Andre viktige moment å ta med seg for dei som skal forvalte desse områda

Drift: Sidan naturtypen er avhengig av ei spesiell driftsform vil det forenkla sett vere slik at vi må prioritere dei områda der det er folk som er interessert i å drive. Men vi skal forvalte areala våre i eit langsiktig perspektiv, og det biletet vi ser i dag vil endre seg. Vi må derfor ikkje avskjere høvet til å kunne få drift i viktige område sjølv om der ikkje er nokon som er interessert i å drive der i dag.

Kvalitet: Kystlynghei som har god lokalitetskvalitet, og som er i drift, har sjølvsagt størst verdi, men sidan kystlynghei lar seg restaurere, kan også område som har lagt brakk ei stund vere viktige. Men jo meir attgrodd heiene er jo vanskelegare er det å restaurere dei, og der det har etablert seg tre/skog/område er planta til med sitkagran, vil det være aktuelt å gjere ei kost/nyttevurdering for å vurdere om dette er eit område som bør prioriterast høgt.

Størrelse: Både som økosystem i seg sjølv, og som leveområde for enkeltartar (mange av desse er også trua), har kystlyngheiene størst verdi om dei har ein viss størrelse.

Større samanhengande område vil dermed være viktigare enn mindre, oppstykka område. Dette har både økologiske grunnar, og det har driftsmessige grunnar. Det er lettare å drive med skjøtsel beiting/brenning i område utan annan infrastruktur, jf. det som er nemnt over. Der det finns kystlynghei i drift i nærområdet vil ein altså kunne oppnå meir ved å restaurere enn i andre område. Dette vil og være gunstig med tanke på samarbeid, kollegaar, fellesskap.

Beredskap: Lyngheier i attgroing, der vegetasjonen har vakse seg høg, har vist seg å vere svært brannfarlege, og det er krevjande for brannvesenet å sløkke brannar som oppstår i slike område. Det har vore fleire slike store utmarksbrannar dei seinare åra. Område der det er viktig av omsyn til brannberedskap å unngå at vegetasjonen veks for høg, kan gjerne kombinerast med område der kystlynghei blir halden i hevd ved hjelp av tradisjonell lyngheidrift, med kontrollert lyngheibrenning.

Viktige leveområde: I handlingsplan for kystlynghei blir det trekt fram at det er viktig å målrette skjøtselsinnsats som tar vare på naturtypelokaliteter som er særlig viktige leveområde for artsmangfold, og som gjennom restaurering og skjøtsel betrar livsvilkåra for trua arter (f.eks. hubro) og andre prioriterte artsgrupper (mellan anna pollinerande insekt). De finn ein god del informasjon om førekomst av truga artar i Naturbase, men hekkeområde, yngleområde og

vaksestad for ein del artar (mellom anna hubro) er rekna for å vere «sensitive artsdata», og er derfor skjerma for allment innsyn. For å få informasjon om slike område må de kontakte Statsforvaltaren.


Økologiske nettverk: Det blir også lagt vekt på å målrette bruk av verkemiddel (mellom anna gjennom skjøtselsplanlegging) for å ivareta kystlynghei i meir robuste økologiske nettverk, saman med andre tilgrensande naturtypar som skaper heilskaplege miljø. I regionar som har myke kystlynghei kan det derfor vere aktuelt å sette i gang eller auke restaurering og skjøtsel i klynger/kjerneområde

Mangfold: Det er også viktig å ta vare på eit mangfold av ulike typar kystlynghei, det er mellom anna stor forskjell på kystlynghei i kalkrike og i kalkfattige område.

Bruk av offentlege midlar: Sidan dette er ein trua naturtype er det mogleg å få tilskot (både RMP-tilskot og midlar frå miljødirektoratet) for å restaurere og skjøtte slike område, om skjøtselen er i samsvar med skjøtselsråda som er vedlagt her (nedst). Det er også utarbeidd skjøtselsplanar for ei rekke slike område. Desse skal ligge i Naturbase knytt til faktaarket som ligg ved den aktuelle lokaliteten. Det er altså dei siste åra brukt ein god del offentlege midlar for å legge til rette for skjøtsel, og for å ta vare på viktige område med kystlynghei.

KORLEIS PRIORITERE?

Kart som syner areal i Naturbase som er kartlagt med Miljødirektoratet sin instruks markert med rosa/lilla. Mellom anna i Øygarden kommune er svært mykje av dette kystlynghei, og i eit slikt område vil det vere trøng for ei viss grad av prioritering mellom desse områda.



Ein kunne brukt kartleggingsresultata til dette direkte, slik at område med svært høg lokalitetskvalitet (eller verdi) prioriterast høgt, medan område med lav lokalitetskvalitet får lågare prioritet. Men sidan kystlynghei er ein naturtype som kan restaurerast, slik at område relativt raskt kan oppnå høgre lokalitetskvalitet, og sidan dette er ein naturtype som krevjar ei spesiell form for drift, er det fleire omsyn som det er viktig å legge vekt på enn den kvaliteten området har i dag.

Derfor har vi i tillegg lagt vekt på særtrekka ved denne naturtypen (som nemnt over) når vi gir råd om korleis de kan prioritere.

Kystlynghei som skal prioritertast, det vi seie område som ikkje skal byggast ut, og der det ikkje bør gjerast tiltak som kan gjere det vanskeleg å drive skjøtsel av kystlynghei med beiting og brenning.

Viktigast:

- Område som er referanseområde for kystlynghei, jf handlingsplan for kystlynghei 2023 (i Vestland er dette llynghesisenteret på Lygra - Alver kommune, Fitjarøyane - Fitjar kommune) og Værlandet i Askvoll kommune.
- Andre store, samanhengande område med kystlynghei som er i drift i dag, som har høg verdi/god lokalitetskvalitet!

Område som også skal prioritertast høgt:

- Område som er særleg viktige leveområde for artsmangfold, og som gjennom drift/ restaurering og skjøtsel betrar livsvilkåra for trua artar (f.eks. hubro) og andre prioriterte artsgrupper (bl.a. pollinerande insekt)
- Område som ligg i tilknyting til kystlynghei som alt er i drift, og som det vil vere mogleg å restaurere.
- Andre område der det vil vere lett å ta opp att drifta om det skulle vere aktuelt: Til dømes øyer eller andre område som det vil vere lett å avgrense utan for store gjerdekostnadar.
- Område som har spesielle naturkvalitetar, som ligg i tilknyting til annan verdifull natur, som til dømes verdifull naturbeitemark eller myr.
- Område der det er viktig av omsyn til brannberedskap å unngå at vegetasjonen veks for høg.
- Område som er viktige for å kunne ta vare på eit mangfold av ulike typar kystlynghei.
- Område som kommunen sjølv (til dømes gjennom ein kommunedelplan for naturmangfold) har definert som eit "kjerneområde for kystlynghei og annan viktig natur".
- Område der det er brukt statlege midlar for å restaurere/skjøtte viktig kystlynghei, og nærområde til slike område.

Område som vil vere mindre viktige som kystlynghei:

- Område der det vil vere vanskeleg å få til rasjonell llynghheidrift, til dømes område som ligg inneklemt mellom bebyggelse eller annan infrastruktur, der det vil vere vanskeleg/umogleg å drive med beiting og brenning.
- Område med veldig lav lokalitetskvalitet, der det vil vere veldig kostnadskrevjande å få restaurert areala til ein god tilstand (slike område vil likevel kunne vere viktige om dei er del av eit større samanhengande område).

ULIKE VEDLEGG

Skjøtselsråd for brenning og beiting av kystlynghei

Råda er knytt opp mot utbetaling av RMP-tilskot for skjøtsel av kystlynghei i Vestland

Skjøtselsråd for brenning av kystlynghei

- **Tidspunkt:** Lyngbrenning skal normalt utførast mellom 15. september og 15. april. Forutan at tidsrommet for brenning er nedfelt i brannforskrift, er det også viktig for å unngå jordbrann og av omsyn til hekkande fugl og dyre- og planteliv generelt. Ved eventuelt brenning kort tid etter fristen 15. april, skal det føreligge dispensasjon/samtykke til brenning fra lokalt brannvesen. Slik dispensasjon kan være aktuelt å索取 om etter ein våt vinter/vår. Dersom ein skal brenne tidleg på hausten etter ein tørr sommar, må det først komme ei god rotbløte.
- **Brannvesen:** Ein bør jobbe for eit godt og tillitsfylt samarbeid med brannvesenet, og ein må respektere lokale brannforbod. Ein må alltid gje beskjed til brannvesenet før brenning, helst i god tid. Ein må gje beskjed om kor tid elden skal tennast og sløkkast/er sløkt. Brannvesenet vil gjerne ha ein liten plan for brenninga inkludert kart, sjå punktet under om planlegging.
- **Kontakt Statsforvaltaren for å unngå skade på hekkande fugl i særskilte tilfelle:**
 - Dersom ein planlegg brenning i verneområde, skal ein kontakte Statsforvaltaren ved miljøavdelinga for å avklare gjennomføring.
 - Dersom ein planlegg brenning i område der det hekker havørn og hubro, eller ein er usikker på om desse artane kan hekke i området, bør ein kontakte Statsforvaltaren. Begge artane startar hekketida i februar-mars, og Statsforvaltaren ved miljøvernnavdelinga har oversikt over kjente hekkeplassar.
- **Planlegging:** Lyngbrenning må alltid planleggjast på førehand. Dette gjeld kva areal som skal brennast, grunneigarløyve, plan for avgrensing av elden, plan for sløkking, behov for mannskap, og behov for og rydding av branngater (branngater kan gjerne ryddast på andre tider av året). Topografien bør nyttast til å lette opptenninga og til å avgrense elden.
- **Vind:** Ein må aldri brenne i sterkt vind, men litt vind er alltid ein fordel. Ein må vere merksam på at elden «syg» luft, slik at vindstyrken på flammane er større enn målt vindstyrke. Om mogeleg bør ein brenne mot vinden. Jo tørrare det er, di meir merksam må ein vere på vinden.
- **Mannskap:** Det kan aldri bli for mange deltagarar på ei lyngbrenning. Det bør vere minimum 5 personar ved mindre brannar under trygge forhold, helst fleire. Før ein tenner opp må alle vere einige om plan og gjennomføring for brenninga og kven som har kommandoen. Kun éin person skal leie brenninga.
- **Utstyr:** Alle deltagarar må ha sløkkingsutstyr. Det er vanleg med skogbrannsmekke, men aluminiumsspade med langt skaft kan også brukast. Deltagarane bør bruke kle i ull og bomull og unngå kunststoff som smelter i varme, samt verne hender, håر og øye.

- **Mosaikk:** Ein bør prøve å etablere ein mosaikk i lyngen med brannflater av ulik alder. Dette gjev best beitekvalitet gjennom året. Topografien bør utnyttast til å lage mange mindre brannar i staden for éin stor brann. Små brannflater på 5-50 daa gir best mosaikk. Ved oppstart av skjøtsel i område med gamal lyng er det naturleg å brenne større flater i starten. Regelmessig brenning stimulerer til auka spiring av frøbanken og gjev høgare artsmangfald.
- **Avslutting:** Ein må aldri forlate ei rykande brannflate. Sjølv om flammane er sløkte, kan det ulme under bakken. Ein må difor avslutte brenninga i god tid før det blir mørkt.
- **Kor ofte:** Kor ofte ein må brenne er avhengig av beitetrykk, jordkvalitet og kvar lyngen veks i landskapet. Ein må vurdere høgde på lyngen, foreding av lyngen og kor frisk lyngen er. I snitt må det same feltet brennast om lag kvart 15. år på Vestlandet. Det vil sei at ein bør brenne 5-10 % av lyngmarka kvart år.

Skjøtselsråd for beiting av kystlynghei

Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse. Dersom det ikkje finst særskilde skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generelle rettleiing for drifta, jf. krav om at beitinga skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teken vare på eller forbetra:

- **Beitetid:** Det er oftast best effekt når beitedyra går i lyngheia heile døgnet, men beitinga kan òg vere kombinert med inneföring eller fôring på fôringsplass. Berre sommarbeite er ikkje nok, sidan dyra i vekstssesongen føretrekk næringsrikt gras. Vinterbeite er naudsynt for å få god nok skjøtsel av kystlynghei. Tidleg vårbeiting er bra for å hindre oppslag av busker og tre. I område med blåtopp er det viktig med tilstrekkeleg beitetrykk i april/mai.
- **Beitetrykk:** Det er viktig at beitetrykket er tilpassa kvaliteten på lyngen. Alderen og utsjânaden på lyngen avgjer kor mykje areal ein treng for kvar sau på vinterbeite. Rettleiande råd kan til dømes vere:
 - Lynghei i moderat til god hevd med noko innslag av grasmark: ca 15 dekar netto lyngmark per vinterbeitande morsau
 - Lynghei i därleg til moderat hevd: 20-25 dekar netto lyngmark per vinterbeitande morsau. Dette arealet er ikkje tilstrekkeleg dersom lyngen er gamal og grov. I område med gamal lyng bør ein ikkje ha dyr på vinterbeite før ein har brent lyngen.

Ein har ikkje tilsvarande råd om arealbehov for storfe.

- **Brenning:** Dersom det er gamal lyng bør ein svi for å fornye lyngen og sikre god beiteverdi. I tradisjonell drift av kystlynghei inngår både vinterbeiting og lyngsviing. På kystlynghei i drift bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 15-årsperiode. På vindutsette plassar ut mot havet og der beitetrykket er høgt, kan lyngen halde seg frisk noko lenger.
- **Moderat beitetrykk etter brenning for å sikre at røsslyng kjem opp:** Dei unge røsslyngspirene er attraktive beiteplanter. For høgt beitetrykk like etter brenning kan føre til at røsslyngen som spirer i nybrente område blir nedbeita, og då blir det ikkje rekruttert ny røsslyng i området.

- **Dyrevelferd:** Det skal vere god dyrevelferd, og husdyrhaldet skal vere i tråd med regelverk for husdyrhald og Mattilsynet sine tilrådingar. Dette omfattar mellom anna løye for å halde dyr utan tilgang på hus, krav til merking, krav om tilsyn og kor tamme dyra skal vere, tilleggsfôring ved behov og føring av dyrehaldjournal. For å sikre god dyrevelferd for dyr på vinterbeite må dyra ha tilstrekkeleg tilsyn, og dyreslag og rase må vere tilpassa driftsopplegget. Ein bør vere varsam med å sleppe sau på vinterbeite i område der lyngen ikkje har vore brend eller beita på meir enn 25 år. I slike område bør ein først svi for å få opp ny lyng. Etter svining er det viktig med sommarbeite for å halde graset nede og så gradvis trappe opp beitetrykket om vinteren etter kvart som lyngen kjem i gang.
- **Moderat tilleggsfôring ved behov:** Beiteopplegget bør ikkje vere basert på fast tilleggsfôring gjennom heile vinteren. Fast tilleggsfôring kan føre til oppgjødsling av lyngareala sidan ekstra føring gir meir gjødsel og høve til å ha fleire dyr på same arealet. Ekstra næringstilfôrsle gir meir grasvekst og fare for at lyngen minkar og forsvinn. I periodar med vanskeleg tilgang til lyng er tilleggsfôring viktig. Dersom beitekvaliteten er slik at dyra treng tilleggsfôring i lange periodar er det for mykje gamal lyng. Kystlyngheia vert då ikkje godt nok skjøtta gjennom beitinga, og tilskot kan ikkje tildelast.
- **Moderne storferasar på vinterbeite i kystlynghei er ikkje tilrådeleg:** Slik drift kan gi mykje tråkkskadar. Det vil òg vere behov for stor grad av tilleggsfôring, som bidrar til oppgjødsling av areala, og redusert verdi av naturtypen.

Planråd

Kommunen som planmyndighet skal ivareta omsynet til nasjonale og vesentlege regionale miljøverdiar i planlegginga og når det gjeld planlegging i område med kystlynghei vil vi trekke fram nokre nasjonale føringar som det er viktig å vere merksam på. Mange av desse råda er generelle og gjeld for all planlegging der det skal takast omsyn til naturmangfold.

- Statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.
- Rundskriv T-2/16 og koplinga til nasjonal raudliste for naturtypar (Kystlynghei har EN-status). Rundskriv T-2/16 viser også til utvalde naturtypar etter Naturmangfaldlova § 52.
- Koplinga til strandsoneomsyn, samanhengande natur med urørt preg, karbonrike areal og «Landskap der de samlede kulturhistoriske verdiene og naturmangfoldverdiene vurderes å utgjøre en miljøverdi av nasjonal eller vesentlig regional interesse» er også relevant i denne samanhengen.
- Tilsvarande vil omsynet til Naturmangfaldlova §§ 4 og 5 vere relevant, td. truga artar og leveområda deira.
- I plansamanheng er det også viktig å ta omsyn til Naturmangfaldlova §7, jf. Naturmangfaldlova §§ 8-12, og at ein gjennomfører ei reell vurdering av verknader av planforslaget for kystlynghei.
- I samband med arealplanar som utløyser krav om KU, så skal saka vere så godt opplyst som mogleg, verknader skal vere klarlagt og at det skal vere gjennomført alternativvurderingar. Mange stader har vi no eit godt kunnskapsgrunnlag for naturtypen kystlynghei som må leggast til grunn når det utarbeidast KU. Miljødirektoratet si handbok

for Konsekvensutgreiing av klima og miljø (M-1941), er rekna som «anerkjent metodikk» etter Kuf. § 17. Naturtypen må også setjast i ein samanheng, jf. Kuf. § 21.

- Det er utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for kystlynghei ([Handlingsplan for kystlynghei - miljodirektoratet.no](#)), og det er viktig at ein tar omsyn til denne i den lokale planlegginga. Det overordna målet for handlingsplanen er at «naturtypen kystlynghei ivaretas nasjonalt og at utviklingen bedres. Dette innebærer at utbredelse og forekomst av kystlynghei i Norge, og tilstanden på kystlyngheiarealer, bedres nok til at naturtypen blir klassifisert som mindre trua ved rødlistevurdering av naturtyper fram mot 2037». Fire tematiske delmål skal bidra til å nå det overordna målet:
 - langsigting skjøtsel og restaurering i hele landet
 - effektivt samarbeid og organisering
 - god kunnskap og dokumentasjon
 - god veiledning og formidling

Her finn de meir informasjon om kystlynghei

- Handlingsplan for kystlynghei: [Handlingsplan for kystlynghei - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)
- Fakta og status for kystlynghei i Norge: [Kystlynghei - Miljøstatus.no](#)
- Rapport fra Universitetet i Bergen og Lyngheisenteret: [Kystlyngheiene i Norge - kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanseområder](#)
- [Lyngsviing - brosjyre](#)
- [Beiting i kystlynghei - brosjyre](#)